

Scora to, men laget tapte.

04.05.2015



Lagbilde, G-19, Trio/Rosendal/Halsnøy

Sondre S. Myklebust har utvikla seg til litt av ein goalgetter, og han held fram å laga mål på bestilling. Søndag spela han kamp for G-19 laget til Trio/Rosendal/Halsnøy då dei møtte Mathopen borte. I denne kampen noterte Sondre seg for 2 fulltreffarar, men det vart likevel tap med 3 - 2. Tre andre uskedelingar spela også kampen.



Samarbeidslaget frå Kvinnherad starta kampen dårleg, og dette varte ut heile første omgang. Mathopen var eit godt lag og leia 2 - 0 til pause, men leiinga kunne godt ha vore større. I andre omgang verka det som eit heilt nytt Kvinnheradslag kom på banen. Dei gjorde ein kjempebra sluttomgang, men dei kunne like vel ikkje hindra at det vart Mathopen-siger. 3 - 2 vart resultatet, og begge Kvinnheradsmåla vart laga av Sondre Stensletten Myklebust på biletet til venstre Det vert også meldt at banen var mindre enn normalt. Dette var ikkje dei førebudde på, og det kan naturleg nok ha verka inn på spelet til gutane.

I tillegg til Sondre var det altså tre uskedelingar med på kampen. Det var Hans Fredrik G. Zimmer, Stian S. Myklebust og Marius Myklebust.

Fyldig referat frå kampen kande lesa på [RT si heimeside](#).

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto frå RT si heimeside.